

Vedlegg SNP 2017-2020



ÅR DAL

HANDLINGSPLAN

2020



STRATEGISK NÆRINGSPLAN ÅRDAL 2017-2020

Planstruktur



HANDLINGSPLAN 2020

Årdal mot 2021 – ny oppgangsperiode

Framskrivingar av folketal og sysselsetting i ein kommune er vanskeleg. Til mindre kommunen er, til større er feilkjeldene. SSB tek ikkje god nok omsyn til lokale tilhøve som påverkar utviklinga i ein så liten kommune som Årdal. Det er difor svært viktig at når ein legg SSB sine framskrivingar til grunn for strategien, må SSB sine tal korrigeraast med lokale tilhøve. Eit eksempel er framskrivingane som vart gjort av SSB rett før omstillingsperioden i Årdal. Effekten av denne omstillinga vart ikkje varsle i framskrivingane. Finanskrisa som slo så hardt inn i Årdal vart berre delvis varsle, då effekten av denne vart mykje større enn det ein trudde for Årdal.

Oppgangen i Årdal starta forsiktig hausten 2014. Vi såg at konjunkturane held fram med å betre seg i 2015. I 2016 såg vi effekten meir tydeleg. Vi fekk eit mindre tilbakeslag i 2017 på grunn av heilt spesielle hendingar, men oppgangen held fram i 2018. Årdal er på veg inn i ein oppgangsperiode fram mot 2021. Truleg vil vi sjå at effekten av denne oppgangen, vil likne mykje på den utviklinga vi hadde etter 2010/2011.


Teikna på oppgang og utfordringane vi ser, er klare:

- » Sysselsettinga vil truleg auke i åra som kjem, sjølv om vi fekk eit tilbakeslag i 2017. I 2018 fekk vi oppgang på 67 sysselsette.
- » Innpendlinga vil halde seg høg og truleg auke. Dette skuldast etableringa av nye arbeidsplassar i Årdal.
- » Innflyttinga vil auke, men ikkje så mykje som arbeidsplassauken tilseier, då bustadmarknaden i Årdal ikkje vil kunne ta i mot så mange.
- » Tal Årdøler i aldersgruppa 20 – 39 år vil truleg halde fram med å auke. Desverre vil denne auken kome blant menn. Kvinner vil halde fram med å flytte frå Årdal i aukande grad. Dette skuldast at vi ikkje maktar å skaffe nok attraktive arbeidsplassar for kvinner. Reiseliv og handel vil truleg halde fram med å auke tal tilsette, men omfanget vert ikkje stort nok.
- » Industrien vil kunne bli meir attraktiv for kvinner i framtida, etter kvart som krav til operatørar i industrien endrar seg i takt med industri 4.0 satsinga. Industrien vil sakte endre seg til avanserte teknologibedrifter.
- » Fødselsunderskotet vil halde seg på same nivå, på grunn av minkande fødselstal, då kvinnene flytter frå Årdal. Vi ventar difor ein liten nedgang i folketalet i 2019 og 2020.
- » Næringsstrukturen vil vere stabil. Vi vil få ein sterk vekst i industrien, truleg også sterk auke i sysselsettinga i ein overgangsperiode, men effektiviseringa i industrien vil halde fram, og det beste vi kan håpe på er berre ein liten auke i sysselsettinga på lang sikt. Satsinga til Hydro og NorSun er likevel svært viktig for Årdal, då det får positive verknader for alle underleverandørane i Årdal. Truleg vil sysselsettinga på kort sikt auke med opp til 200 i industrien i Årdal, fram mot 2022. Men 100 av desse vil truleg vere innleigd arbeidskraft
- » Utviklinga fram mot 2021 heng nok også saman med store kull som går ut i pensjonsalder som må erstattast i det eksisterande næringslivet, og det avgjerande blir korleis ein handterer rekrutteringa. Eit forsiktig anslag er at minst 100 arbeidsplassar må erstattast med nye tilsettingar fordi stillingane blir ledige på grunn av pensjonsavgang. Det totale rekrutteringsbehovet kan difor fort bli opp mot 300 årsverk. Vil dette komme gjennom auka innpendling eller vil ein få lokal rekruttering eller tilflytting til Årdal?


- » Desse lokale tilhøva og utfordingane kjem ikkje godt nok fram i SSB sine analysar, då framskrivinga ikkje tek opp i seg lokale forhold knytt til større investeringar og eventuelle nye ekspansjonar/etableringar.

Ein alternativ framstillingsmåte som betre syner kva utfordingar lokalsamfunnet står framføre, gjorde vi saman med Telemarksforsking i 2018:

Scenarier for utvikling i folketalet i Årdal.



Scenarier for utvikling av tal arbeidsplassar i Årdal.



Den nasjonale utviklinga har sjølv sagt innverknad på korleis utviklinga i Årdal vil bli, men lokalt så har vi framleis tiltak som kan vere med å påverke utviklinga.

Ein del utviklingstrekk er veldig synlege når ein skal velje strategiar for framtida:

- » Årdal vil få arbeidsplassvekst dei 4 neste åra
 - Korleis sikre rekruttering til desse arbeidsplassane som også sikrar at folk vel Årdal som bustadkommune? Vil vi få auke i innleigd arbeidskraft og ikkje tilsette som flytter til Årdal?
 - Korleis sikre rekruttering som erstattar alle som går av med pensjon?
 - Krava til ein tilsett i industrien vil endre seg dramatisk dei komande åra. Årdal har no gjennom kompetansestrategien ein strategi for å møte desse.
- » Årdal har ein næringsstruktur som først og fremst rekrutterer menn.
 - Korleis skape ein næringsstruktur som også rekrutterer kvinner?
- » Når folk vel seg ein bustadkommune, er det først og fremst arbeidet som betyr noko for valet, men alle som har alternativ til kva jobb dei skal velje, ser også på kvalitetar som ein aktuell bustadkommune har.
 - Er Årdal attraktiv nok når det gjeld, barnehage, skule, fritid og opplevelingar, handel, kultur, kommunikasjonar og bustader?

Strategisk Næringsplan prøver å etablere strategiar som skal gi positive svar på dei utfordringane vi står framføre. Utfordringane er samansette, og krev at vi får ein offensiv politikkutforming på alle dei områda SNP legg opp til. Naudsynte prioriteringar innan trонge økonomiske rammer må finne sitt svar.

UTVIKLINGSTREKK ÅRDAL

I 2018 gjorde Telemarkforskning ei analyse på oppdrag frå Årdal Utvikling. Dette resulterte i rapporten «Regional analyse for Årdal. Attraktivitetsanalyse: Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier». Her kom det fram at Årdal enten måtte ha betre arbeidsplassutvikling enn andre (skape ny og betre næringsattraktivitet) eller høg bustadattraktivitet for å unngå nedgang i folketalet framover.

VISJON OG MÅL FOR ÅRDAL

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling står opp om denne visjonen ved å bidra til ei berekraftig næringsutvikling med fokus på å legga tilhøva til rette for eit lønsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar, utvikla eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune.


Hovudmåla for Årdal Utvikling sitt arbeid er at Årdal skal:

- » Ha stabilisert tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- » Ha stabilisert folketalet i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- » Ha ein meir variert næringsstruktur enn den vi har hatt fram til no

FORSIKTIG VEKST?

Etter nedgang i folketalet i Årdal kvart år i perioden 2009 til 2015, med totalt 4,9%, opplevde ein i 2016 ein auke i folketalet på 0,1%. Vi fekk ein ny større nedgang i folketalet i 2017 og ein liten nedgang i 2018. Signal frå det konjunkturutsette næringslivet seier at det er god vekst og store investeringsplanar lokalt som bør gi grunnlag for positiv utvikling i tal sysselsette dei neste åra. Det blir spennande å sjå om dette gjev seg utslag i folketsutviklinga. Folketalsframskriving frå SSB spår fortsatt nedgang i folketalet i Årdal basert på demografi, innvandring, næringsstruktur og nasjonale trendar.


Folketalsutvikling:



Figur – data SSB, folketal pr 01.01 i kalendar år

Utviklinga i folketalet i Årdal har i 2018 hatt ein vidare nedgang som følgje av negativt fødselsoverskot og større utflytting enn innflytting. Dette har vore trenden sidan 2010.


Sysselsetting:



Utviklinga i sysselsetting i Årdal viste eit trendskifte i 2015, med ein auke på 84 arbeidsplassar.

Innanfor forretningsmessig tenesteyting, er det spesielt helsetenester som aukar dette året. I 2017 flytte ei stor helseverksamhet ut frå kommunen, noko som resulterte i ein nedgang på 87 arbeidsplassar, i hovudsak kvinner. Veksten held fram i 2018 med 64 nye sysselsette.


Næringsstruktur:



Figur – data SSB, andel sysselsette etter arbeidsstad 1424 Årdal pr næring


Næringsstrukturen i Årdal viser at vi fortsatt er ein industrikkommune med 45% av sysselsettinga. Offentleg sektor med fylke og stat står for berre 25% av sysselsettinga, som er godt under dei fleste kommunar i Sogn og Fjordane. Vi ser at forretningsmessig tenesteyting står for berre 11% av sysselsettinga, mot 14% i 2015. Denne nedgangen skuldast utflytting av store privat helsebedrift frå Årdal.

Sysselsette:



Figur – data SSB og Hydro Aluminium, sysselsette arbeidsstad Årdal

Det er framleis ein svak nedgang i sysselsette ved Hydro, men avstanden mellom tilsette i Hydro og total sysselsetting i industrien aukar. Dette heng saman med vekst i andre bedrifter utanom Hydro. Det er no sjølv sagt spennande å sjå om alle utvidingsplanane til Norsun blir realisert. Dette vil då medføre ei stor auke innan industrisysselsettinga i Årdal.



Figur – data SSB, sysselsette arbeidsstad Årdal

Sysselsetting etter kjønn kan ein sjå av figuren over som viser at den største auken i sysselsettinga er blant kvinner med 35 sysselsette. Det har vore ein strategi at ein skulle aukeandelen sysselsette blant kvinner og dette ser ein at ein har lukkast med. Utviklinga gjev eit tydeleg signal på kva vi må satse på i utviklingsstrategien vår. Det må bli eit sterkt fokus på å etablere arbeidsplassar som er attraktive for kvinner for å sikre at denne oppgangen for sysselsettinga for kvinner held fram.

HANDEL

Handelen har fortsatt positiv utvikling i 2018 gjennom auka omsetnad og fleire tilsette. Sommarmånadane har blitt viktige for fleire av bransjene. Effekten av auka reiselivstrafikk påverkar positivt. Handelsanalysen for 2018 viser at Årdal har ein dekningsgrad for total handel i Årdal med indeks 79,8 i 2018 og det betyr at det kunn er om lag 20 prosent å gå på, før det er full handelsdekning.

Ein kommune på Årdal sin storleik kan ikkje vente full handelsdekning utan at det skjer eit tilsig f.eks. i form av turistar til kommunen.

Nokre handelsbransjar krev eit større befolkningsgrunnlag enn det som er til stades i Årdal.



Daglegvarer inklusive multivarehandel og kioskar auka sin dekningsgrad frå 111,4 i 2017 til 116,1 i 2018. Denne overdekninga vitnar om at det er eit tilsig av handlande i Årdal som truleg kjem frå hyttefolk utanfrå, turistar og fastbuande frå omkringliggende kommunar.

Sjølv om klesbutikkane i Årdal i fjor hadde ein vekst som langt oversteig landet, kom ikkje dekningsgraden høgre enn 47,1 prosent. Det betyr at det framleis er eit potensial for å auke salet innan manufaktur i kommunen.

Annan lettare faghandel som sko, apotek, kosmetikk, blomster og planter, gull, sølv, gåver og optiske artiklar, hadde relativt høg dekningsgrad på 63,5 prosent.

REISELIV


I 2016 vart det utvikla ein reiselivsstrategi for Årdal som ei eige satsing ut frå strategisk næringsplan. Aktørane i næringa har teke ansvar for implementering av handlingsplan saman med Visit Sognefjord. Det har vore ei svært positiv utvikling på besøkstrafikken i Årdal som har gitt positiv effekt både til reiseliv og handelsbedrifter. Trafikken på innfartsvegane aukar betydeleg, og overnattingssstatistikkane viser god auke.

Reiseliv er ei næring i høg vekst både i Norge og internasjonalt. Norge konkurrerer med reisemål i heile verda om både den innanlandske og utanlandske marknaden. Når turismen og besøkstrafikken aukar, aukar også betydningen av reiselivet. Det er likevel slik at nokre besøkande har større verdi enn andre.

Ei viktig målgruppe for Årdal er tilreisande med høgt døgnforbruk, og som blir i kommunen lenge. Slike tilreisande bidreg relativt meir enn tilreisande som brukar lite pengar per gjestedøgn og/eller blir her i kort tid.


Sidan det er store skilnader i forbruk mellom ulike grupper er det ikkje nok å nytte tal tilreisande som eit mål på utviklinga i reiselivet. Besøksnæringane i Årdal er opptekne av vekst og lønnsemd. Dei tilsette er opptekne av arbeidsvilkår og lønn. Årdal kommune er oppteken av sysselsetting, skatteinntekter og velferda til innbyggjarane. Verdiar reiselivet har for Årdal er avhengig av kva grupper tilreisande som besøker oss. Her må vi gjere dei rette strategiske grepene.

Figur 3-18 Gjennomsnittlig døgnforbruk for kommersielle overnattingsgjester i Norge, fordelt på forbrukskategorier, nordmenn og utlendinger og formål med reisen. Kilde: Innovasjon Norge, Turistundersøkelsen, bearbeidet av Menon



Det er fem bransjar som utgjer reiselivsnæringa - overnatting, servering, opplevingar, transport og formidling. Innhaldsbransjane overnatting, servering og opplevingar handlar om å skape eit godt reiselivsprodukt i Årdal, som er attraktive for besøkande. Tilgjengeleghetsbransjane transport og formidling har meir ein infrastrukturfunksjon, ved å legge til rette for å frakte besøkande dit dei skal, og organisere tilbod.

Figuren under illustrerer det som er reiselivsnæringa i Årdal.




Reiselivet er også viktig for å skape bulyst i kommunen. Auka besøk gjev grunnlag for gode og varierte tilbod innan handel, opplevingar, serveringsstader, overnatningsbedrifter og formidlingstilbod.

I reiselivet er bærekraftutfordringa noko vi må ha ein aktiv strategi for å møte. Årdal har dei siste åra hatt sterkt fokus på miljøavtrykka i industrien vår, og det har vore gjort offensive grep for å møte denne utfordringa. Denne erfaringa tek vi med oss inn i reiselivssatsinga. Bærekraft er ein føresetnad for å utvikle reiselivet i Årdal.

Årdal nyttar www.vettisriket.no til å informere om Årdal som besøksstad. I tillegg er vi sjølvsagt profilert på www.sognefjord.no

TURISTINFORMASJON

Årdal er full av kontrastar og spektakulær natur. Få eit overblikk her:



ÅRDALSGUIDEN

Les den interaktive og komplette guiden for kva Årdal har å by på her.

[LAST NED ÅRDALSGUIDEN](#)

TURISTINFORMASJON I ÅRDAL


Du finn brosjyremateriell og ein ipad til å utføra sok/planlegging i resepsjonen på [Klingenbergs Hotel](#) på Årdalstangen.

[OPNINGSTIDER KLINGENBERG](#)

OPPLEVINGAR I ÅRDAL

Årdal er verkeleg staden å reisa til om ein ønsker å oppleva vandreturar som gir ein litt luft under vengjene. Last ned vår vandrebrosjyre her.

[8 TURAR I ÅRDAL](#)



Opplevingsaksen er grunnlaget for reiselivsstrategien i Årdal. Det er på denne opplevingsaksen vi skal bygge all infrastruktur som skal danne grunnlaget for konseptutvikling mot ulike målgrupper. Kjem du inn Sognefjorden, skal vi fortelje deg korleis du kan få oppleve **Årdal frå Fjord til Fjell**. Kjem du frå Skogadalsbøen eller Sognefjellshytta skal vi fortelje deg korleis du kan få oppleve **Årdal frå Fjell til Fjord**.

1. Legge til rette for nye lønsame arbeidsplassar.

Mål:

Bidra til langsigkt utvikling gjennom kontinuerleg fokus på lokalt næringsliv si evne og vilje til å utvikla nye marknadar, produkt og tenester og legga til rette for at fleire bedrifter vert etablert i Årdal.

- » Vidareutvikle eit profesjonelt serviceapparat mot næringslivet.
- » Nyetableringar og nye satsingsområde i eksisterande bedrifter må ha som siktemål å styrke og vidareutvikle teknologimiljøet i Årdal.
- » Utvalde prosjekt innan besøksnæringa og industri vil ha spesiell merksemd i 2020
- » Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. Satsinga skal samordnast med utviklinga av ein knoppskytingsstrategi, knytt opp mot etableringa av eit teknologisenter i Årdal og eit tett samarbeid med Årdal vidaregåande skule

1.1. Førstelinjeneste

Mål:

Utvikle vidare Årdal Utvikling som ei serviceteneste for dei som ønskjer å skape nye bedrifter eller utvikle eksisterande bedrifter. Hjelpe næringslivet i å finne fram i verkemiddelapparatet.

- » Satse på elevbedriftene/ungdomsbedrifter.

1.2. Nyskapning og organisk vekst

Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Saman med regionen gjennomføre eit stort, felles løft og nye strategiske tilnærmingar for å auke den samla nyskapingsevna vår.

- » Etablering av nye bedrifter.
- » Vekst i eksisterande bedrifter.
- » Forskings- og utviklingsarbeid.

I dette arbeidet vil ein halde fram med å utvikle gode samarbeidsrelasjonar til regionale aktørar som Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

1.3. Akkvisisjon

Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Det gjeld å finne dei verksemdeiene som:

- » Ser på Årdal som ei spennande lokalisering.
- » Er interessante for Årdalssamfunnet.
- » Kan utnytte dei moglegheitene ei lokalisering i Årdal kan gi.

1.4. Legge til rette for at Hydro vidareutviklar teknologisatsinga i Årdal

Mål:

Legge til rette for at Hydro moderniserer i Årdal ved at dei vidareutviklar teknologisenteret i Årdal og etablerer ny hall for verdas mest bærekraftige aluminiumsproduksjon.

- » Arbeide for at Hydro får rammevilkår som gjer det mogleg å etablere ein fullskala produksjonshall med framtidas teknologi i Årdal.
- » Arbeide for at Hydro oppgraderer og utviklar karbonfabrikken på Årdalstangen.
- » Få fram Årdal sine konkurransefortrinn; tilgang på vasskraft, tilgjengeleg areal, høgkompetent arbeidsstokk og kompetansen knytt til teknologisenteret i Årdal.

1.5. Ekspansjon NorSun i Årdal

Mål:

NorSun, den leiande ikkje-asiatiske produsenten av monokrystallinske wafere til ultrahøgeffektive solceller, har gjennomført ein emisjon på NOK 230 mnok for å doble produksjonskapasiteten, innføre ny teknologi og redusere einingskostnadane.

Emisjonen vert følgt opp av ytterlegare NOK 285 millionar i lån og tilskott frå Enova og Innovasjon Norge, noko som sikrar selskapet NOK 515 millionar totalt.

Årdal kommune har gjennom Årdal Utvikling gjeve lån frå Næringsfondet for å støtte prosjektet i første fase, som tek sikte på å doble produksjonen per år.

- » Årdal kommune vil gjennom Årdal Utvikling arbeide aktivt med å legge til rette for ytterlegare investeringar i Norsun i åra som kjem.

2. Helse

Mål:

Med den komande eldrebølgja, vil vi ha eit veksande behov for ulike typar helsetenester. Årdal skal satse på næringsutvikling knytt til førebygging og rehabilitering innan helse generelt og psykisk helse spesielt. Denne satsinga skal gjerast i tett samarbeid med satsinga innan reiseliv, der opplevingar og infrastruktur skal kunne nyttast i begge bransjar over heile året.

- » Utvikle ein strategi for nyskaping og organisk vekst i eksisterande helsebedrifter.
- » Utvikle «Basecamp Årdal» til eit fyrtårn innan rehabilitering og som eit folkehelsetiltak, der vi tek naturen i bruk.
- » Utvikle privat-offentleg samarbeid som eige satsingsområde knytt til helsemarknaden.
- » Etablere gode relasjoner til aktuelle utdanningsmiljø som sikrar god tilgang på spisskompetanse.

3. Kompetanse og innovasjon

Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke vekstkraftige næringsmiljø, skal vi realisere ein kompetansestrategi som kombinerer kompetanse, nettverk og kapital. Samarbeid mellom FoU og næringslivet vert ein nøkkelfaktor i strategien.

Strategien er det strategiske fundamentet for å få fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø i Årdal.

- » Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft.
- » Sikre verksemndene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- » Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale.
- » Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hos alle aktørane.

3.1. Kompetancesenter - utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov


Mål:

Saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal på mellomlang og lang sikt. Skulen skal vere eit ressurssenter for nærmiljø og regionen og skal legge til rette for behov knytt til kompetansereforma og gje tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte. Saman med Sogn Opplæringskontor (SOK) skal vi etablere kursmekling mot næringslivet i 2020, utvide tilbod til vidaregåande skule – teknologifag i praksis, styrking av fagutdanninga, utvikle vidare eit prøvesenter for lærlingar og etablere undervisningstilbod til grunnskulen – teknologifag i praksis

- » Kopling mot fagskule/høgskule/universitet – desentraliserte tilbod
- » Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor.
 - Etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet.
- » Samarbeide tett med Sogn Opplæringskontor for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen.
- » Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.
- » Etablere tilbod om fagskuleutdanning i Årdal med oppstart august 202

3.2 Innovasjon og teknologi

Sitep As er no etablert og skal inn i driftsfase. Selskapet må fokusere på å rekruttere teknologikompetanse og prosjektutviklingskompetanse. Selskapet skal utvikle seg til å bli eit felles FoU selskap for næringslivet. Stikkorda for drifta vil vere å sikre ny kunnskap og auka konkurransekraft til næringslivet, vere oppdatert på ny teknologi og sikre vekst i bedriftene. Å auke tal FoU prosjekt i næringslivet vil vere ei av hovudoppgåvene for selskapet.



3.3 Organisering (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

Mål:

Gjennom Årdal Teknologipark (ÅTP) skal vi skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/ næringsklynga.

- » Kapitalisere opp Årdal Teknologipark AS – arena for samhandling og innovasjon
- » Samarbeid med andre kommunar, lokale og regionale utviklingsmiljø
- » Arbeide aktivt for å realisere intensjonane i samarbeidsavtalen med Raufoss Industripark/Norsk Katapult

Tiltak:

- Støtte opp om næringsklynga SITEP AS, Sogn Opplæringskontor og Årdal teknologipark AS
- Gjennomføre bygging av Årdal Teknologipark i 2020
- Ta ein regional rolle på industri utvikling

4 Eitt samfunn

Mål:

Årdal har to tettstader Årdalstangen og Øvre Årdal. Vi skal utvikle Årdal ved å redusere den praktiske og mentale avstanden mellom dei to sentrumsområda. Dette blir ein viktig føresetnad for å styrke bustadattraktiviteten i Årdal. Dette gjer vi ved å betre kommunikasjonsløysingane og etablere ei klar rollledeling mellom sentrumsområda. Vi skal aktivt dyrke fram ulikskapen mellom tettstadene, når det gjeld opplevingar, handel, service, tenestetilbod og bustadmiljø. Å bygge eit godt omdøme for Årdal må bli alle sitt ansvar.

- » Kultur og opplevingar skal nyttast aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive tettstader. Vi skal legge til rette for næringsutvikling og bedriftsetableringar, men også tiltak som i første omgang er med på å styrke identitet og ei positiv oppleving av staden.
- » Ved å satse på næringsutvikling som også er basert på kultur, oppleving og fritid, vil dette vere med på å gi identitet og attraktivitet til Årdal.
- » Kulturbaserte næringar gjer at staden blir interessant som bustad og ein stad der ein har lyst å bu, jobba eller besøke.

4.2 Strategiplan for kulturbasert næringsutvikling

Mål:

Med utgangspunkt i kulturnæringane og kulturbaserte næringar i Årdal, skal ein arbeide fram ein strategi for at desse næringane skal bli vekstnæringar i kommunen. Planen skal få fram ei kartlegging av eksisterande tilbod/aktivitet og gi ei oversikt over vedtekne strategiar, planar og verkemiddel som eksisterer i dag. Idrett, arrangement og naturbaserte opplevingar skal og være ein del av omfanget.

- » Strategien skal vektlegge synergiar mellom dei ulike næringane og kva innsatsfaktor dei er i andre næringar.
- » Strategien skal synleggjere utviklingspotensialet i næringane.
- » Etablere eit industrimuseum/visningssenter industri i Årdal i 2020
- » Etablere eit senter for kunst og kultur i Årdal

4.3 Betre kommunikasjonsløysingane

Mål:

Arbeide fram gode kommunikasjonar for Årdal, både ut og inn av Årdal og internt i Årdal, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om FV 53.
- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om Tindevegen
- » Saman med Årdalsnett bygge vidare ut infrastrukturen på fiber

4.4 Legga til rette for ei framtidsretta og marknadsorientert utvikling av besøksnæringane i Årdal

Mål:

Saman med besøksnæringa realisere ein heilsakleg næringsstruktur innan handel, service, reiseliv og kultur i Årdal som sikrar eit variert tilbod av varer og tenester i bu- og arbeidsområdet.

- » Arbeide fram konkrete næringsprosjekt.
- » Arbeida fram og realisere planar for etablering av ulike tilbod for ungdom i Årdal.
- » Etablere opplevingsaksen frå Sognefjorden til Jotunheimen som ei felles strategi for alle besøksnæringane.
- » Legge til rette for å utvikle vidare sjøfronten på Årdalstangen saman med besøksnæringane.

5 Reiseliv

Mål:

Årdal skal utvikle eit innovativt reiselivsmiljø med breie samarbeidsflater, og der «reason to go» vert skapt gjennom høg grad av kundetilpassing og opplevelinger som spelar på natur eller kontrasten mellom industri og natur.

Satsinga skal integrerast tett med dei andre besøksnæringane handel og kultur.

- » Utvikle tydelege opplevelinger som gjev «reason to go» og kan marknadsførast og tilpassast ulike målgrupper.
- » Etablere naudsynt infrastruktur for gode gjesteopplevelinger.
- » Utvikle reiselivsbedrifter, etablere samarbeid og møteplassar for vidare innovasjon i næringa.
- » Legge til rette for ein god organisering i næringa.
- » Arbeide vidare med prosjekt som skal realisere opplevingsaksen frå fjorden til fjellet (jf opplevingsaksen s 44 i Reiselivsstrategien).
 - Årdal Sjøfront
 - Visningspunkt Vettismorki
 - Årdal Industrimuseum/Visningssenter industri

Operativ strategi	Prosjekt 2020	Tid	Budsjett	Ansvar
	Realisering av strategi	År	MNOK	
1 LØNSAME ARBEIDSPLASSAR	Drift av førstelinjeteneste Utviklingsprosjekt lokale bedrifter som skal sikre god lønnsemeld for vidare ekspansjon. Knoppskytingsprosjekt ÅTP Legge til rette for ekspansjon Hydro – hall D Legge til rette for ekspansjon Norsun, fase 2 og fase 3	2020 -2021 2020 2020 2020 2020	1,0 0,2 0,3 0,1 0,3	ÅU ÅU/SITEP/ÅTP ÅU/SITEP/ÅTP ÅU/ÅK ÅU/SITEP/ÅK
2 HELSE				
3 KOMPETANSE OG INNOVASJON	Realisere kompetansestrategien Rekrutteringsprosjekt teknologiklyng i Årdal	2020-2021 2020-2021	0,6 0,2	ÅU/SOK/SITEP ÅU/SOK/SITEP
3.1 KOMPETANSE-SENTER	Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø Støtte opp om realisering kurssatsing i Sogn Opplæringskontor Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal	2020 -2021 2020 2020 – 2021 2020	0,45 0,2 0,1 0,3	ÅU/SOK/SITEP ÅU/SOK/ÅTP ÅU/SITEP/SOK ÅU/SOK/SITEP
3.2 INNOVASJON OG TEKNOLOGI	SITEP AS – frå oppstart til drift Ta ein regional rolle på industrutvikling (Norsk Katapult)	2020 - 2022 2020 - 2021	2,6 0,2	ÅU/SITEP ÅU/SITEP
3.3 ORGANISERING	Realisere Årdal Teknologipark AS	2020 - 2022	5,8	ÅU/ÅTP
4 EIT SAMFUNN	Arbeide for å gjøre synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør stettast (Ref rapport Tindevegen og rapport FV53) Etablere Fv 53 (frå Fodnes til Tyinkryset) som eit reiselivsprodukt Etablere eit industrimuseum/visningssenter industri i Årdal	2020 - 2021 2020 - 2021 2020 – 2022	0,2 0,3 0,4	ÅU/ÅK ÅU/ÅK ÅU
5 REISELIV	Forstudie hytteturisme i Årdal Forprosjekt sykkelturisme i Årdal, gamlevegen Sletterust 1000m Arrangere fagdag "krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre. Besøksstrategi Utladalen – rullering av strategi Realisering av Årdal Sjøfront Realisere utbetring gamlevegen Sletterust – 1000m	2020 - 2021 2020 2020 2020 2020 – 2021 2020	0,2 0,2 0,1 0,1 0,1 1,5	ÅU ÅU/Reiseliv ÅU/ÅN ÅU/Reiseliv ÅU/Reiseliv ÅU/ÅK/næringsliv

Tiltaka står i tilfeldig rekkefølgje



